



› 2 Kommuneleing - Stab

Kommuneleing – stab omhandlar fylgjande tenestoområde

- Kommunedirektør og kommunalsjefar
- Personal og løn
- Økonomi
- Andre fellestenester

Eininga skal levere tidsrette støttfunksjonar etter dei krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar.

Drift

| Teneste | 2 KOMMUNE LEIING - STAB | Regnskap | Buds(end) | Budsjett | Regnskap |
|--|---|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | alle tal i heile 1000 | 2020 | 2020 | 2020 | 2019 |
| 1200 | KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR | 3 895 | 3 519 | 3 519 | 4 825 |
| 1210 | PERSONAL OG LØN | 2 215 | 2 368 | 2 368 | 2 353 |
| 1220 | ØKONOMI | 4 067 | 3 378 | 3 378 | 4 001 |
| 1230 | SERVICEKONTORET | 2 425 | 2 602 | 2 602 | 2 580 |
| 1250 | IKT | 779 | 791 | 791 | 794 |
| 1260 | SAKSBEHANDLING - FELLES | 819 | 720 | 720 | 1 833 |
| 2110 | BARNEHAGE | 1 008 | 1 588 | 1 588 | 458 |
| 2120 | GRUNNSKOLE | 225 | 336 | 336 | 207 |
| 2130 | VAKSENOPPLÆRING | - | 2 | 2 | - |
| 2412 | PSYKISK HELSEVERN | 97 | 103 | 103 | 101 |
| 2440 | BARNEVERNTENESTE | 225 | 240 | 240 | 238 |
| 2540 | PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE | 1 073 | 1 108 | 1 108 | 664 |
| 2549 | KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI | -102 | - | - | - |
| 3100 | FORMIDLINGSLÅN | -153 | - | - | - |
| Sum gruppeansvar: 2 KOMMUNE LEIING - STAB | | 16 573 | 16 754 | 16 754 | 18 053 |

Området hadde eit mindreforbruk på 181 000. Overforbruk på ei teneste vert kompensert med mindreforbruk på andre tenester og stillingar har vorte haldne vakante for å halde budsjettet. Rådgevarstilling innafor teneste 2120 grunnskule vart halden vakant, samt vakant stilling innan teneste 2110 Barnehage.

Meirforbruket på teneste 1220 økonomi kjem av at overføring av skatteoppkrevjar frå kommunene til skatteetaten vart utsett frå 1.6 til 1.11. Dette vart kompensert med ein auke i rammetilskottet med kr 753 000, dette vart ikkje overført til rammeområdet.

Prosjektet omstilling av fellesfunksjoner har gitt effekt gjennom fokus på arbeidsprosessar og digitalisering av tenester. Arbeidet vil fortsette i 2021.

Kostra

Netto driftsutgifter administrasjon per innbygger.

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til administrasjon og styring per innbygger. I indikatoren inngår administrativ ledelse, stab- og støttefunksjoner, Data vises i kroner per innbygger.

Tabellen nedom inneheld ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 2 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.

Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde 120

Tala syner at Giske kommune har ein auke frå 2019 til 2020 med kr 83 per innbygger.

Giske kommune bruker kr 450 mindre per innbygger enn gjennomsnittet for kostragruppe 1. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 1 vil dette utgjort ein auke på 3,8 mill.kr.

Studier har vist at kommuner tolker og definerer administrasjon ulikt i KOSTRA. Det inneber at tala ikkje er direkte samanlignbare mellom alle kommunar og er noko usikre.